

GØTZ AS  
Sæ 132  
5417 STORD

## **Detaljreguleringsplan for Hollund bustadområde - Gnr 89, bnr 214 mfl - Bømlo kommune - Resultat etter kulturhistorisk synfaring**

Vi viser til Dykkar brev datert 05.01.2021 knytt til oppstart av planarbeid i ovanfor nemnde sak, samt vårt varsel om kulturhistorisk synfaring datert 11.02.2021. Saka er vurdert av regional kulturminnemynde, Seksjon for kulturarv i Vestland fylkeskommune.

I samband med synfaring i området blei ingen nasjonalt- eller regionalt viktige kulturminne påvist, og areala blei vidare vurdert til å ha lågt potensiale for funn av uregistrerte automatisk freda kulturminne i marka.

Austre del av planområdet består av eit attgrodd kulturlandskap frå nyare tid, med bevarte kulturlandskapstrekk som steingardar, bakkemurar og oppmura vegfar. Verneverdien til desse strukturane som lokale, nyare tids kulturminne i kulturlandskapet, må bli vurdert av planleggjar og teke omsyn til i det vidare planarbeidet.

Ut over dette har vi ingen avgjerande merknader på noverande stadium i planprosessen.

Med helsing

Karoline Hareide Breivik  
fagleiar

Tore Slinning  
seniorrådgivar | arkeolog

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*